

Høyringsinnspel til saka om offentleg grunnskuletilbod i Lesja kommune.

Vi i 9.klasse frå det som tidlegare var Lesjaskog skule støtter nedlegginga av Lesjaskog skule fordi vi ønsker å gå i 10. klasse på Fjellnær friskule.

Kommunalsjef for helse og oppvekst har vore på skulen for å prate med oss om denne saka, men vi synes ikkje vår meining kjem fram i saka. Det er ikkje elevar frå Lesjaskog som meiner at samanslåinga er det beste som har skjedd dei og at det er bra at klassene har blitt større. Vi som gjekk på Lesjaskog skule har fått meir tid på buss og mindre fritid.

Vi ønsker å gå på nærskulen vår, altså Fjellnær friskule frå hausten 2026, slik at vi slepp å bruke så mykje av tida vår på busskøyring. Vi synes at det er eit betre miljø mellom klassene med fådelt organisering. Vi trivdes med friminutta på tidlegare Lesjaskog skule fordi skuleområdet er større og vi hadde fleire aktivitetar vi kunne halde på med.

Vi meiner at nedlegging av offentleg skule og dermed oppretting av privatskule vil gjere at kommande ungar og familiar på Lesjaskog vil føle seg trygg på at det er eit skuletilbod frå 1.-10.klasse i framtida og. Vi har i fleire år vore redd for at skulen vår skulle bli nedlagt, og no slepp dei som er yngre enn oss å vere redd for det.

Vi meiner det beste for oss er at Lesjaskog skule blir lagt ned, slik at Fjellnær friskule kan starte opp frå 1. august. Sjølv om det betyr at vi bytter skule kvart år gjennom ungdomsskulen, ønsker vi å gå 10. klasse på Fjellnær friskule.

Helsing alle 10 i 9.klasse-kullet frå tidlegare Lesjaskog skule